

Fagplan messinginstrument

Overordna mål for messinginstrument:

- *få tilhøyrsløse til og læra å spela eit messinginstrument
- *kjenna meistring gjennom faste speletimar og tilrettelegging for heimeøving
- *læra notar
- *utvikla kunnskap på instrumentet slik at musikanten opplever å bli aktiv i eiga musikkformidling, både individuelt, i grupper og i anna organisert fritidsmusikkliv
- *utvikla meistring, sjølvkjensle og bli ein ressurs for seg sjølv, si gruppe/korps
- *oppleva å få og ta ansvar for aktivt å byggja gode lokalsamfunn gjennom personlege evner

Mål	Dugleikar
Å meistre basisdugleikar	<p>Startopplæring:</p> <p>Det er naturleg å starta speleopplæringa i 4. klasse, eller ved 8-9-års alder. Barna bør vera ferdige med tannfellinga og ha fått nye tenner før dei skal ta til på messinginstrument. Den kognitive og finmotoriske utviklinga skyt fart ved 9-års alder, det er då lettare å forstå abstrakte teikn som notar, og det er lettare å kontrollera fingrar og ventilbruk. Dei som startar tidlegare kan bruka meir tid på musikkleik, rytmeleik, gjerne med bruk av blokkfløyte.</p> <p>Teknikk:</p> <p>Haldning-korleis halde instrumentet og behandle instrumentet, instrumentkunnskap, blåseteknikk, tungeteknikk. Sterkt-svakt, bevisstgjerjing av ulik styrke.</p> <p>Blåseteknikk-halda lange tonar, rett spelestilling, munnstykke. Etter kvart flex-øvingar for utvikling av styrke, klang, fleksibilitet.</p> <p>Tungeteknikk-bruk av tungespiss, lett tungebruk, rask enkelttunge. Ved 3.-4.- speleår introdusering av dobbeltunge, trippeltunge.</p> <p>Første året må omfanget nå ein oktav eller meir. Vidare introdusering av ulike toneartar, taktartar.</p> <p>Repertoarbase.</p> <p>Litt meir om dette lenger nede.</p> <p>Viktig basisdugleik er både å læra seg å ha eit forhold til solospel, småensemble, og samspel med mange innanfor same alder, nivå og instrument. Etter startopplæringa (aspirant og junior) er det viktig at elevane får høve til å spela i andre ensemble-samanhengar, ikkje nødvendigvis berre korps, men med band, strykeorkester eller andre grupper i kulturskuleregj. Dette er svært viktig erfaring for å</p>

	<p>opparbeida forståing for sitt eige instrument og den funksjonen det har i ulike samanhengar, og for å få ei ny og utvida oppleving av seg sjølv i ein større musikalsk og klangmessing samanheng. Dette vil òg styrka eleven si forståing av den utvida samfunnsmessing rolla instrumentet har og kan ha.</p>
<p>Progresjon</p>	<p>Aspirantar: 1. halvår: Tonedanning, summing, lange tonar, ansats. Dei fyrste vekene utanåt-speling frå dei fyrste melodiane i Blåsbuss. Læra Spania på C-D-E. Fram mot jol introdusering av noteverdiar, notenamn. Notelærehefte, visa C-dur-skalaen. Kombinera notelæring og utanåtspel frå Startklart 1- bøkene. Her er gode opplegg til begge deler innanfor høveleg omfang. Opptre på huskonsertar, kulturnatt. Spela Vi klatrer til A (Spill), nov-des fokus på å læra Bjelleklang. Utstyr: instrument, smurning, notemappe-notar, blyant og viskeler. Dette må alltid vera med.</p> <p>2. halvår: mengdetrening med meir frå Startklart-hefta, rask framgang no. Spela mengdetrening frå Klar-ferdig-spel-hefta (Kulturskulen i Eid). Mine fingre-heftet med same melodibase og ulik rytme. Innlæring av åttedeler og sekstendeler. Fram mot sommar aukar ein mengdetrening av nytt stoff. Bruk av andre hefte som Unisone etydar til mengdetrening. Utstyr: instrument, smurning, notemappe-notar, blyant og viskeler. Dette må alltid vera med.</p> <p>Juniorar: 1.halvår: Repetisjon utanåtspeling frå Startklart m.fl. Andre småstubbar som Spania, Marys lam, Nede på stasjonen. Prøva utanåt, men og sjå notar. Startklart 2-hefta. Her introdusering av føredragsteikn; staccato, tenuto, dynamikk. Jobba med dynamikk. Trena på å spela heile skalaen. Utvida omfanget opp og ned. Unisone etydar til mengdetrening. Fram mot jol Bjelleklang, Så går vi rundt, Deilig er jorden, The little drummer boy, julemusikkhefte – solostykke. Bruka notelæreheftet vidare, viktig å skriva notar sjølv, gjerne som lekse, men òg litt på timen. Utstyr: instrument, smurning, notemappe-notar, blyant og viskeler. Dette må alltid vera med.</p> <p>2.halvår: Førebuing/tilrettelegging av notemateriell til start saman med hovudkorpset. Laga lette stemmer til juniorane der dei slepp å skifta grep så mykje som råd. Basera dei fyrste stemmene på rytmisk</p>

	<p>notasjon. Det er naturleg å bruka litt av speletimen til nytt korpsstoff.</p> <p>Vidare arbeid med Startklart 2. Opptre på huskonsertar. Fram mot sommar aukar ein mengdetrening av nytt stoff. Trening på rask avkoding av notebiletet, trenar på å bruka kort tid på innstudering av nytt stoff. Unisone etydar til mengdetrening, oppvarming, dynamikktrening.</p> <p>Utstyr: instrument, smurning, notemappe-notar, blyant og viskeler. Som før.</p> <p>Seniorar – enkeltelevar vidare.</p> <p>Her må ein ta utgangspunkt i kvar enkelt, men viss dette er elevar som er på nivå med ungdomsskolen eller eldre, høver det at dei sjølve kjøper Handbok for messingblåsere, ulike etydehefte, duettstoff med lærar, andre tekniske øvingar. Pust-ansats-klang-frasering-uttrykk må stå i fokus på det solostoffet som vert valt ut. Fokus på å uttrykkja ulik karakter i spelet. Dynamikk.</p>
<p>Kunnskapsbase</p>	<p>Instrument-nøkkel:</p> <p>Me har god røynsle med å starta opplæringa i G-nøkkel der notert C er grunntonen i instrumentet, der stamtonerekka startar med ope røyrssystem/1. posisjon. Det betyr at notert einstrøken C på kornett kling ein oktav over den same noterte C-en på baryton/trombone som igjen kling ein stor sekund under den tilsvarande noterte natura-noten. Notert C på althorn kling ein stor sekst under natura.</p> <p>Teori:</p> <p>Notekunnskap, rytme, skalaen. Noteverdiar i starten, utanåt-spel i starten og vidare notebasert fram mot jul, kjende songar, mengdespeling. Ulike noteverdiar, taktartar, toneartar.</p> <p>Opplæring:</p> <p>Startopplæringa:</p> <p>Blåsbus-gjerne utanåt, Startklart-fin til både noteinnlæring og utanåtspel, enkle melodiar med få tonar. Etter kvart notelesing, jul, mengdetrening. Klar ferdig spel-heftet frå kulturskolen. Blanding av notar frå ulike skular. Blåståget. Vi klatrar til A, Mine fingre, Unisone etydar.</p> <p>Vidaregåande (enkeltelevar):</p> <p>Basisteknikk med Handbok for messingblåsere, andre tekniske hefte, etydehefte, solostykke. Arbeid med dynamikk, toneartar,</p>

	<p>notelesing, det å få til ulike uttrykk. Repertoar, Blåsbanken, solostykke med akkompagnement, mp3.</p>
<p>Å ha gode øvingsrutinar/arbeidsmåtar samt gode haldningar til faget</p>	<p>Korleis øve/jobbe: Øve- og skrivelekkse heime, tett kontakt lærar – foreldre (sjå nedanfor). Godt førebudd lærar, godt førebudd elev.</p> <p>Korleis behandla instrumentet: Haldning – korleis halda instrumentet, kroppshaldning, sittestilling, ståstilling. Korleis bruka instrumentet; pust-ansats, fingerbruk. Behandling av instrumentet ditt; stell, smurning, reingjering.</p> <p>Daglege rutinar: Korleis oppbevare instrumentet heime, kvar, og kven kan få lov til å låna instrumentet? Kva som høyrer til instrumentet av utstyr som instrument-munnstykke, smurning, klut, notemappe med notar, blyant og viskeler.</p> <p>Elev-lærar-heim-samarbeid: Det behov for foreldremøte, spesielt med foreldra til aspirantane og juniorane. Dette kan gjerast ein kveld på skulen, kanskje i samband med korpsøving, eventuelt i samband med info av korpsleiar, og litt sosialt etterpå. Kanskje frankert med ein mini-konsert for foreldra. Slike foreldremøte kan kanskje gjerast i andre plattformer, som digitalt møte. Viktig å sjå til at dei foreldra som ikkje sjølve har bakgrunn i musikkopplæring, får nødvendig informasjon. Dei treng informasjon om korleis instrumentet verkar, kva du kan forventa av ein som startar på messinginstrument, dette med tonedanning, trening av munnmuskulatur, ventilbruk, pust, behandling av instrument og oppfølging med gode heimerutinar. Elevar før u-skulealder treng foreldre som hjelper musikanten heime med å koma i gang med heimeøving.</p>
<p>Å kunne lytte (musikkfag)</p>	<p>Gehörspel/improvisasjon/transponering/intonasjon og stemming av instrument/spela utanåt. Bruk av song kombinert med notelesing. Fokus på indre intonasjon frå starten av.</p> <p>Lære utanåt nokre songar, spesielt i startopplæringa (sjå meir under progresjon). Dette er spesielt viktig dei fyrste speleåra. Vidare er det viktig å introdusere stemming av instrumentet. Messinginstrumenta er utempererte instrument, og det betyr at dei er aldri like godt «stemt» på alle grep. Frå starten av må det innlærast bruk av kompensasjonssystemet, spesielt på ventilinstrument. På trombone må ein justera sliden. Ventilinstrumenta må bruka</p>

	<p>kompensasjonsrøyr med trigger på 3. bøylen på tonen D på instrumentet og spesielt på Dess/Ciss der alle ventilane er innkobla. Frå juniornivå må ein introdusera omgrep frå noteteori som akkordar, og dei ulike tonane i akkordane. Grunntone, ters og kvint. Fokus på at durters må justerast ned litt. Dette er spesielt aktuelt i toneartar som er mykje brukte på messinginstrument, som notert C-dur der E er durters. Fokus å lytta til at denne durtersen kling best når han vert senka litt, anten ved trigger på tommel, eller ved å bruka 3. -ventil med litt trigger. Sameleis i notert F-dur på instrumentet der A er durters.</p>
<p>Å kunne skape og formidle</p>	<p>Framføringar/utstillingar (korleis bruke faget som eit uttrykksmiddel) Ha nokre små konsertar kvar sesong. Småkonsertar som huskonsertar, foreldrekonsertar, og i lag mange i kulturnatt-konsert/sommar-show på storscenen i operasalen. Viktig å spela for dei eldre på eldreinstitusjonane, gjerne ute i den varmare årstida. Sameleis opptre «der publikum er» på kjøpesenter, inne og ute, og i Eidsgata. Vidare bør ein opptre med solonummer/duettar/aspirantnummer på basarane til dei ulike heimehøyrande korpsa.</p>
<p>Å kunne samhandle med andre</p>	<p>Lære å utøve/skape saman med andre: Spele i lag men andre musikantar, på tvers av instrument, kulturskulen, korps.</p>